



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: Onsdag 08.10.2025 kl. 17:30-19:30

Stad: Møterom, Askvoll kyrkjekontor

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Frida Melvær	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Ragnhild Stav	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

Forfall:

Arnt Johny Langeland	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/44		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/45		Godkjenning av protokoll frå møte 01.10.2025	Rune Ziener
SR 2025/46		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/47		Vilnes parkering. Endra prosjektskisse	Rune Ziener
FR 2025/48		Budsjett og økonomiplan 2026-2029	Rune Ziener
FR 2025/49		Leiarlønnsvurdering (sak lagt fram i møtet)	W.N. Gabrielsen

Askvoll, den 08.10.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/44 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/45 Godkjenning av protokollen frå møte 01.10.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 01.10.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 01.10.2025.

SR 2025/46 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 26/2025	Oppstart og status prosjektdel 3, Holmedal kyrkje
M 27/2025	Restaurasjon orgelet i Holmedal. Utsett oppstart.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2025/47 Vilnes parkering. Endra prosjektskisse

Skisse til parkeringsløyising på nytt areal vest for kyrkja vart lagt fram i soknerådsmøtet 01. oktober. Det vart i møtet sett fram ønske om større parkeringsareal, som og omfattar området nord for oppkøyrsløysing til kyrkja, langs kommunal veg.

Ryland i Askvoll kommune har vore behjelpeleg med omarbeiding av skissene (sjå vedlegg).

Del 1: Utviding av arealet på sør-sida av oppkøyrsla

Plan for opparbeid areal er her utvida, og ein vil ha plass til om lag 20 biloppstillingsplassar.

Del 2: Nytt parkeringsareal på nordsida av oppkøyrsla

Her er laga laga ei skisse som viser parkeringsplass på nord-sida med 7 p-plassar:



«Det er teikna inn siktzone som om det var 30 km/t (svart skravering).

Fartsgrensa er 80 km/t i området, men denne vert i praksis lågare pga. vegen sin utforming.

Raud strek viser start ved sikt ca. 50 km/t.

Må då rekne 4 m inn frå vegkant for å få fram sikt-trekant.»

Framleis kan ein tenkje prosjektet i to trinn, gjennomført når ein har økonomisk rom for det, men i alle høve kan ein søkje om nødvendige tiltaksløyver i samme runden, så dette er på plass.

Økonomi

Estimatet frå førre prosjektskisse vert lagt til grunn for trinn 1, og estimat for nytt trinn 2 kan ein setje til kr 400.000,-. Det ligg ikkje føre kalkyle på nokon av alternativa.

Totalt treng ein då, i tillegg til løyving gitt i 2025, estimert kr 300.000,- + kr 400.000,- i nye investeringsmidlar for å finansiere prosjektet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd arbeider for ny parkeringsplass vest for kyrkja i samsvar med skisse materialet.
2. Ein kan sjå for seg realisering av prosjektet i to trinn, der trinn 1 vert opparbeiding av parkeringsareal på sørsida av oppkøyrse til kyrkja langs med kommunal veg og trinn 2 vert arealet nord for oppkøyrse.
3. Søknad om løyve til tiltaket (både trinn 1 og 2) vert sendt til relevante instansar og avtale om grunnavståing vert inngått med grunneigar.
4. Tiltaket vert lagt inn i økonomiplanen med sikte på realisering av dette i 2026 og 2027.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd arbeider for ny parkeringsplass vest for kyrkja i samsvar med skisse materialet.
2. Ein kan sjå for seg realisering av prosjektet i to trinn, der trinn 1 vert opparbeiding av parkeringsareal på sørsida av oppkøyrse til kyrkja langs med kommunal veg og trinn 2 vert arealet nord for oppkøyrse.
3. Søknad om løyve til tiltaket (både trinn 1 og 2) vert sendt til relevante instansar og avtale om grunnavståing vert inngått med grunneigar.
4. Tiltaket vert lagt inn i økonomiplanen med sikte på realisering av dette i 2026 og 2027.

PARKERINGSPLASS VILNES KYRKJE – UTKAST 081025.

Planskisse ut frå bestillinga frå soknerådet var? (Se kartutsnitt)



Avkøyrsløse til Vines kyrkje:

Køyrsmønster på avkøyrsløse til Vines kyrkje må utformast slik den får eit klart og sikkert køyrsmønster. Siktkrav må vere på plass. Litt usikker på om det er mogleg å få til løysing som gjev fleire parkeringsplassar. Må og ta omsyn til at der vil vere høgdeforskjell frå veg opp til Vines kyrkje og parkeringsområde som må takast omsyn til.

Parkeringsplassar:

På skisse nedanfor har eg skissert ut 7 + 20 parkeringsplassar.


Kalkyle:

Kostnad med desse parkeringsplassane vert ein nok ein del høgare for parkerings- plassane som ligg lengst mot nord og lengst mot sør på grunn av mykje sprenging.

Kva kostnaden vil bli vert vanskeleg å seie utan at ein har gått inn å funnet ut meir med mengde med fjell som skal fjernast mm.

Forslag med 500.000,- for ny p-plass sør for oppkøyrsløse og 400.000,- for p-plassen nord for oppkøyrsløse bør vere dekkande for prosjektet.

Illustrasjon av parkeringsplassane.



Etter økonomiforskriften for sokn i Den norske kyrkja § 6 (1) skal organ for soknet på kommunenivå kvart år vedta ein rullerande økonomiplan, jf. 2. ledd skal planen omfatte dei neste fire åra.

Etter 3. ledd skal planen gi eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte planar i perioden.

Vidare skal organ for soknet på kommunenivå etter § 7 (1) kvart år fremje eit samla forslag til kommunen om samla løyvingar til den kyrkjelege verksemda i kommunen, samt forslag til løyvingar i økonomiplanperioden.

Soknet har fått frist til 8. oktober for oversending av forslaga til kommunen.

DRIFTSBUDSJETTET

DEL 1: KYRKJELEG FORVALTNING (funksjon 04100,04200,04300 og 08900)

Grunna varsla nedskjæringar i kommunen frå 2026/2027 er soknet bedt om å legge fram eit budsjettforslag for 2026 der ein på ramme for 2026, etter påslag av kommunal deflator på 3,4%, reduserer tilskot frå kommunen med kr 800.000,- eller om lag 20% ned til likt med snittet i vår kommunegruppe pr. innbyggjar.

Dvs. ein er bedt om å ta utgangspunkt i kommunal løyving på kr 3.307.436,- for 2026. Ein må tilbake til 2012 for å komme på tilskotsnivå i reint kronebeløp for å ligge på nivå med varsla 2026-tilskot.

Ein slik reduksjon er sjølvstøtt dramatisk, og ein er nødt å gjere organisatoriske grep som får konsekvensar for drifta og dei tilsette for å få ein økonomi i balanse med slikt tilskotsnivå.

Askvoll sokneråd oppnemnte ei arbeidsgruppe sett saman av Wenche Ness Gabrielsen, Terje Mork, Frida Melvær og Rune Ziener for å legge fram budsjettforslag for 2026.

Tiltaka for å få eit budsjett i balanse er:

1. Føreslege vidareføring av tidlegare innførte innsparingstiltak.

Desse er allereide gjennomførte i 2025 for å dekke inn kutta i kommunale driftsløyvingar i 2025 og føregåande tre år (3 x kr 125.000,-).

1.1 Kutt i møtegodtgjersle til soknerådet.

Konsekvensen her vert at folkevalde gjer sine pliktar på dugnad. Dette er uheldig særleg av omsyn til rekruttering til vallister.

Estimert innsparing er kr 54.000,- pr. år. Ein legg her til grunn 10 soknerådsmøte pr. år med fulltallig fremmøte.

1.2 Ikkje lønna kyrkjemusikar til gudsteneste i fast organist sitt fråver

At ein kutter ut kyrkjemusikar i gudstenestene bryt med føresetnader i trussamfunnsloven § 14, andre ledd, at tilskotet frå kommunen skal sikre mellom anna tilfredsstillande bemanning ved gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Estimert innsparing om lag kr 36.000,- pr år.

1.3 Redusert reinhald og førebuingstid før kyrkjelege arrangement

Frå 2025 har ein lagt inn redusert timebruk til reinhald både i kyrkjer og på kyrkjekontoret og for førebuing av kyrkjerommet før kyrkjelege arrangement.

Innsparinga her er ikkje talfesta, og ein må evaluere innsparingane etter 2025.

2. Nye tiltak

2.1 Høgre festeinntekter

Dette er ingen innsparing, men effekten av både eit høgt tal utløp av festeavtaler og forhøga festeavgift frå 2025, gjer at festeinntektene vil vere betydeleg høgre enn tidlegare år i 2026, og dels i 2027 (der talet utløp også er høgt). Ein veit sjølvstykkt ikkje kor mange som vel å inngå festeavtale etter utløp, særleg etter vesentleg avgiftsauke frå 2025.

Estimert meirinntekt over budsjettert festeinntekt i 2025 utgjer kr 460.000,-.

For planperioden totalt kan ein estimere:

	Budsj. 2025	Estimat 2026	Estimat 2027	Estimat 2028	Estimat 2029
Tal fornybare festavtaler	175	387	247	198	212
Diff fra B 2025 (inntekt 306.000,-)	0	369 000	126 000	41 000	65 000

2.2 Omgjering av stillinga til kyrkjegardsarbeidar

Grunna naturleg avgang vert det vakant ei 50% stilling som gravplassarbeidar.

Arbeidsgruppa har vurdert å la heile denne stillinga stå vakant, og at det såleis ikkje vert utført noko vedlikehald på gravplassane i regi av soknerådet.

Tilråding frå arbeidsgruppa er at ein gjer om stillinga til sesongarbeidar med sesong mai-september. Ein har då ingen stilling til å sjå til bospann og ta arbeidet med planering av graver og hjelpe til ved graving gjennom året som i dag.

Som følge av dette vil ein og ha innsparingar etter særavtale for reiseregulativet og telefongodtgjersle.

Estimert innsparing pr. år her er om lag kr 127.000,-

2.3 Vedlikehaldsstans

Ein finn ikkje rom for vedlikehaldsmidlar, og samanlikna med 2025-budsjettet ligg her ei innsparing på kr 51.000,-.

Null i vedlikehaldsmidlar er sjølvstykkt ikkje akseptabelt for soknet sin bygg- og anleggsmasse, og ein kan vurdere å sikre noko midlar her ved omlegging av ordning for kyrkjeofringar.

Rekneskapstal for 2024 viser at «ofringar til andre» utgjorde kr 76.000,-.

Ein kan tenkje seg ei omlegging her at desse ofringane går til eiga verksemd øyremerka kyrkjer og kyrkjegardar, og gjerne knytte eigne bunde fond opp mot kvar av kyrkjene/gravplassane.

Ei slik omlegging vil sjølvstykkt bryte med ein lang og vel etablert kyrkjeleg tradisjon og solidaritetsprinsipp; at dei einskilde kyrkjelydane støtter opp om anna kyrkjeleg arbeid i både inn- og utland.

Underfinansiering og ytterlegare innsparingstiltak

Sjølv med dei innførte og føreslegne kutt-tiltaka vil ein ikkje få eit budsjett i balanse.

For 2026 vil ein mangle om lag kr 300.000,- for å oppretthalde drifta om kuttet på kr 800.000,- vert realisert.

Då må ein gå inn og redusere i faste stillingar og evt. vurdere full stans i kyrkjegardsvedlikehaldet, og la dette måtte verte gjort på dugnad.

Innsparingspotensialet på full vedlikehaldsstans er kr 297.000,- i lønn og sosiale utgifter.

Om ein går for nedbemanningsprosess kan eit alternativ vere å redusere kyrkjeleg administrasjon med om lag 0,3 årsverk.

Desse eventuelle innsparingane må sjølvstøtt konsekvensutgreiast før ein tek beslutningar. Det vil i alle høve vere avgjerande at soknerådet får høve til å orientere kommunepolitikarane i budsjettprosessen om konsekvensar av kutt i ramma.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

	ØP 2026	ØP 2025
<i>Utgifter:</i>		
Lønn og sosiale utgifter	2 979 000	3 289 000
Vare og tenestekjøp	1 359 500	1 050 000
Vedl.halds- og utv.plan	0	190 000
Refusjonar, overføringar og tilskot	356 000	98 000
<u>Sum utgifter</u>	<u>4 694 500</u>	<u>4 627 000</u>
<i>Inntekter:</i>		
Brukarbetaling, sal, avgifter	-700 000	-258 000
Refusjonar og overføringar	-285 000	0
Rammetilskot eigen kommune	-3 307 436	-4 267 000
Andre tilskot, gåver og bruk av avsetningar	-102 000	-102 000
<u>Sum inntekter</u>	<u>-4 394 436</u>	<u>-4 627 000</u>
<i>DIFFERANSE</i>	<i>300 064</i>	<i>0</i>

Til tabellen:

ØP-tal 2025 er utan refusjonsutgift/-inntekt for meirverdiavgift

Rammeløyving er omsøkt ramme

DEL 2 Kyrkjelydsrelatert arbeid – ikkje kommunal finansiering (funksjon 04400, 04432,04436, 04450, 04479)

Ein legg til grunn at desse budsjettområda vert budsjetttert i balanse finansiert med tilskot frå rettssubjektet Dnk, gåvemidlar og brukarbetalingar.

Anna kyrkjeleg verksemd (04400)

Ein legg til grunn at ein budsjetterer i balanse og nyttar gåveinntekter og kyrkjeofringar til formål innan kyrkjelydsarbeid.

Trusopplæring – interkommunalt samarbeid (04436)

Ein vil få fullt tilskot, og altså ikkje noko nedtrekk, i 2026 etter opplysningar frå bispekontoret. Om ein legg til grunn tilskotssum frå 2025 med 2% vekst, vil Askvoll motta om lag kr 410.000,- fra rettssubjektet Dnk.

Ein legg til grunn i utgreiinga at ein får etablert eit stillingssamarbeid med omkringliggende fellesråd, sjølv om det ikkje er realistisk å få ei stilling opp å gå frå årets begynnelse.

Björgvin bispedømmeråd har gitt tilsagn om kr 450.000,- i prosjektstøtte over ein treårsperiode om ein får på plass ein forsøksmodell med slikt stillingssamarbeid.

Soknerådet har sagt at Askvoll sokn kan vere vertsfellesråd i stillingssamarbeidet om dette vert aktuelt. Det interkommunale stillingssamarbeidet er forutsett finansiert med øyremerka midlar.

Trusopplæring (0-18)

Med tilsett i pedagogstillinga vil ein sjølvstgått få noko mindre økonomisk handlingsrom enn ved fortsatt vakanse. Avhengig av korleis det går med stillingssamarbeidet, bør ein vurdere økonomien her framover.

Det kan verte aktuelt å vurdere auke i brukarbetaling, men inntil vidare har ein øyremerka fond til formålet.

Kyrkjemusikk (04450)

Ein legg til grunn at ein nyttar inntekter ved kyrkjemusikalske arrangement til musikkrelaterte utgifter og budsjetterer i balanse.

Kyrkjebladet (04479)

Fleire år den seinare tid har ein gått med underskot for trykking og utsending av bladet, trass i at distribusjon innan kommunenskjær med ombering på dugnad. Underskotet i 2024 var kr 10.128,-, i 2023 var det på kr 4.426,- og i 2022 var det på kr 12.545,-.

Inntektene er i hovudsak frivillig bladkontingent, kyrkjeofringar og annonsesal. Bladpengar er heilt klart største inntektskjelda.

Rettleiande bladpengekongent er sett til kr 200,- pr. år, og denne har ikkje vorte justert i alle fall dei siste 11 åra. Fleire omkringliggande sokn har kr 250,- som rettleiande kongent. Ein kan vurdere ei oppjustering her for å prøve å komme i balanse.

Ein har ikkje lenger noko bunde fond for kyrkjebladet som kan nyttast til å saldere underskota. Dette fondet vart heilt oppbrukt i 2022.

INVESTERINGSBUDSJETTET

Soknet sin førre økonomiplan for åra 2026-2028 var sett opp slik:

Prosjekt	2026	2027	2028
Tak Askvoll kyrkje	2.000.000	2.000.000	2.000.000
Orgel Kvammen	400.000		
Namna minnelund Askvoll		300.000	
<u>SUM</u>	<u>2.400.000</u>	<u>2.300.000</u>	<u>2.000.000</u>

Kommunen sitt økonomiplanvedtak i desember 2024 vart:

Prosjekt	2026	2027	2028
Tak Askvoll kyrkje	0	2.000.000	2.000.000
Orgel Kvammen	0		
Namna minnelund Askvoll		0	
<u>SUM</u>	<u>0</u>	<u>2.000.000</u>	<u>2.000.000</u>

Kommentar til kvart prosjekt

Tak Askvoll kyrkje:

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Tilstandsanalyse og utarbeiding av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrkjetaket innanfor ein 10-årsperiode. Seinsommaren 2024 vart det gjort nokre utbetringar som strakstiltak for å stoppe lekkasjar som har oppstått som følge av at takstein er skada og har falt ned.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgjande prioriteringsplan (merk at her er kostnadsestimata ikkje oppjusterte til dagens prisnivå, så etter dagens kroneverdi må estimata oppjusterast betydeleg:

Prior. 1	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prior. 2	Koret sine takkonstruksjonar	1,1 millionar
Prior. 3	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prior. 4	Kobbertekking på tårn	0,3 millionar
Totalkost ekskl. MVA		6,6 millionar

Konsekvens ved manglande løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at enda fleire takstein løsnar, og at det oppstår fleire lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

Utsett oppstart vil truleg føre til eit fordyra prosjekt.

Det hastar med å komme i gang med omfattande restaurering her, og ein bør prøve å flytte prosjektet fram til 2026 i kommunen sin økonomiplan.

Orgelet i Kvammen:

Det er i 2022 gjennomført befaringsrapport ved orgelbyggar på orgelet i Kvammen. Orgelbyggar opplyser at orgelet er om lag 45 år gammalt, og konkluderer i sin rapport med at: *«Orgelet er per i dag begrenset brukbar og organisten må finne ut hvilken stemmer er eventuelt greit å bruke. Dette vil også variere med årstider og luftfuktigheten i kapellet. For at man kan stemme orgelet, må skadene i vindladen repareres og motoren overhales!»*.

Orgelbyggar gjer eit forsiktig estimat på ca. kr 400.000,- for å setje dette i stand, men seier vidare at orgelet må demonterast og arbeidet må utførast på verkstad. Det er ikkje råd å sjå kor omfattande skadane er før dette vert demontert. Imidlertid har det vorte gjort orgelfagleg vurdering av ei slik restaurering, og ein har konkludert med at det ikkje er tilrådeleg å ta denne jobben, men heller anskaffe eit nytt digitalt orgel. Prismessig ligg eit høveleg orgel på om lag kr 400.000,-.

Soknerådet bør vurdere nærare om ein vel restaurasjon eller nyanskaffing. Ein kan då skyve tiltaket noko fram i tid, for å ta meir presserande prosjekt.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje eit fullt brukbart orgel og dette let seg ikkje stemme før reparasjonar er utført, eller ein anskaffer nytt orgel (som er soknerådet sitt primære ønske).

Namna minnelund Askvoll:

Det er i soknerådsmøte i august 2022 reist spørsmål om ein kan anlegge namna minnelund på nye gravplassen i Askvoll. Saka vart dels utgreidd, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe som vil utarbeide eit forslag. Arbeidsgruppa er ikkje ferdig med dette arbeidet, og dette arbeidet stoppa opp mellom anna då det ikkje kom opp realistisk finansieringsalternativ for anlegget.

Namna minnelundar vert stadig meir utbreiddt og etterspurt på gravplassar i Norge, og hovudfordelane er at dei er svært arealbesparande m.o.t. gravareal, det krevst mindre vedlikehaldsressursar og dei pårørande får eit tilbod om gravminne der kyrkjegarden sine folk står for stell og vedlikehald utan eigne gravminne. Ei namna minnelund vil sjølvstøtt variere veldig i kostnad, alt etter kor omfattande arbeidet med oppsett av felles minnesmerke og utforminga elles vert. Det er her tilrådd at ein omregulerer eit av dei nye eksisterande gravfelta til minnelund, så ein vil i utgangspunktet berre ha kostnader knytt til nytt fellesminnesmerke. Ein kan ta utgangspunkt i ein kostnad her på kr 300.000,- og så gjere vurderingar og evt. justeringar etter kvart.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein misser høvet til meir arealeffektiv bruk av delar av utvida del av kyrkjegarden. Ein vil ikkje ha eit utvida tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle gravene sine.

Orgelet i Holmedal:

Utan at det påverkar kommunal løyving, har Askvoll sokneråd også avtalt restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2026. Dette er ei utsetjing i forhold til tidlegare økonomiplan, då Riksantikvar og orgelbygger tilrådde å vente med dette prosjektet til arbeid med bygningsrehabiliteringa er ferdig.

Opphavleg kontraktssum er på kr 679.120,- men denne vert indeksregulert. Pr. september 2025 tilsvarer dette om lag kr 792.000,-

Ein har om lag kr 665.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar (kr 155.000,-). til orgel og inventar i Holmedal kyrkje som kan nyttast her.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ingen. Prosjektet er eigenfinansiert.

Nye prosjekt:

Parkering Vilnes har vore på planen i mange år. Løysinga som no peikar seg ut som aktuelt alternativ vil ha ein kostnad som overskrir disponibel ramme pr. 2025. Endeleg prosjektutforming eller kalkyle ligg ikkje føre, men eit anslag kan verte sett til kr 500.000,-, så det vert eit nytt finansieringsbehov på kr 300.000,- ut over løyvinga på kr 200.000,- frå 2025 for første prosjektdel.

Om ein går vidare med prosjektdel 2 er det behov for nye om lag kr 400.000,-. Dette er lagt inn i økonomiplanforslaget til realisering i 2027.

Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje tilstrekkelege parkeringsmoglegheiter ved kyrkja, sett opp mot totalbehovet. Parkeringssituasjonen i dag fører til hinder for t.d. utrykkingskøyretøy ved større arrangement i kyrkja, og parkering finn stad og i private oppkjørsler etc.

NY ØKONOMIPLAN 2026-2029

Prosjekt	Behov, kommunalt investeringstilskot			
	2026	2027	2028	2029
Tak Askvoll kyrkje	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000
Orgel Holmedal*	0			
Parkering Vilnes	300.000	400.000		
Namna minnelund Askvoll			300.000	
Orgel Kvammen				400.000
<u>SUM</u>	<u>2.500.000</u>	<u>2.400.000</u>	<u>2.300.000</u>	<u>2.400.000</u>

*Prosjektet vert eigenfinansiert med kostnad om lag kr 792.000,-.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek forslag til investeringsbudsjett og økonomiplan 2026-2029 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd legg fram eit budsjettforslag med kr 300.000,- i underfinansiering på drift i 2026, då ein ikkje har klart å finne innsparingar på kr 800.000,- som Askvoll kommune har bedt om.
3. Ein ber om å få møte formannskapet (t.d. i oppsett møte 10. november) i samband med budsjettprosessen for 2026 for å presentere soknet sin økonomi og moglege konsekvensar ved kutt i kommunale løyvingar.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek forslag til investeringsbudsjett og økonomiplan 2026-2029 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd legg fram eit budsjettforslag med kr 300.000,- i underfinansiering på drift i 2026, då ein ikkje har klart å finne innsparingar på kr 800.000,- som Askvoll kommune har bedt om.
3. Ein ber om å få møte formannskapet (t.d. i oppsett møte 10. november) i samband med budsjettprosessen for 2026 for å presentere soknet sin økonomi og moglege konsekvensar ved kutt i kommunale løyvingar.

FR 2025/49 Leiarlønnsvurdering

Saka vart lagt fram i møtet av Wenche Ness Gabrielsen.
Det låg ikkje føre skriftleg saksutgreiing

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd sitt forhandlingsutval har fullmakt til å føreta leiarlønnsvurdering for 2025.